



Jnr. 1088.19

GJG/rr

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland

Ordførar og rådmann i Fusa kommune

Ordførar og rådmann i Haugsund kommune

Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

fredag, 13. september kl. 09.30 hjå Eidesvik Havbruk, Langevåg

Då vert føre:

- Sak 34/19 Godkjenning av referat frå møte 21 juni d.å
- Sak 35/19 Berekraftig reisemål – fase 2
- Sak 36/19 Rekneskap – første halvår
- Sak 37/19 Prosjekt mot forsøpling
- Sak 38/19 Vestland – funksjonar lagt til distrikts Hordaland
- Sak 39/19 Skriv og meldingar
- a) Regional plan for utdanning – og arbeidsliv i Hordaland
 - b) Fitjar vg skule – berekraft prosjekt
 - c) Endring møteplan
 - d) Møter i kommunane – reiseliv
 - e) Nedlegging av koparnettet til Telenor
 - f) Auka samarbeid gjennom Samarbeidsrådet
 - g) Temamøte havbruk
 - h) Regionråda i Vestland
 - i) Sørleg kryssing av Langenuen
- Sak 40/19 Ymse

Tidsplan:

- Kl. 09.30 Presentasjon av Eidesvik Havbruk
- Ca. Kl. 10.40 Presentasjon synspedagog prosjekt
- Ca. kl. 11.15 Saker til handsaming

Sunnhordland, 5 september 2019

Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. september 2019 kl. 09.30

Eidesvik Havbruk, Langevåg

Sak 35/19

GJG/rr

BEREKRAFTIG REISEMÅL – FASE 2

I slutten av juni vart Visit Sunnhordland godkjent i fase 1 i arbeidet mot Merket for Berekraftig reisemål.

Arbeidet i fase 1 har omhandla mobilisering og forankring, informasjonsinnhenting, svare på kriteria A og B og lasta opp i databasen til Innovasjon Norge i tillegg til å utarbeida statusrapport for C-D-E.

Samarbeidsrådet /Visit Sunnhordland sitt kontor er i tillegg blitt miljøfyrtårn sertifisert i prosjektperioden.

Arbeidet i fase 1 vart finansiert med midlar frå Hordaland fylkeskommune. Det vert no søkt om midlar frå Innovasjon Norge til gjennomføring av neste fase som skal kvalifisere oss for Merket Berekraftig Reisemål.

Bakgrunnen for at regionen starta dette arbeidet var at ein ønskjer å vera ein del av det grønne skiftet og ta tak i moglegheiter og utfordringar knytt til å utvikla reiselivet i ei berekraftig utvikling.

Eit av måla er å få reisemålsutvikling inn i kommuneplanar, som investeringsplanar og planarbeid i kommunane. Kommuneplanleggjarane gjennom Planforumet vil her vera ein viktig ressurs i arbeidet.

Å arbeide med berekraftig reisemålsutvikling er nytt og ukjent for mange. Forankring og involvering er difor ein suksessfaktor som skal viast stor merksemd i fortsettinga av prosjektet. I haust vil ein difor starta med møter i kommunane for å få prosjektet forankra blant dei nye politikarane. I tillegg vil det vera kommunevise samlingar for reiselivsnæringa.

Utfordringar for regionen

Sjølv om ikkje alle Sunnhordlandskommunane har dei store miljøutfordringane med stor turistflaum, er det viktig at ein arbeider i forkant slik at kommunar og reiselivsbedrifter er bevisste på dei val ein tek, også i framtida.

Dette vil særskild gjelde når ein utviklar nye reiselivsprodukt i regionen og nye transportløyningar. Til det siste arbeider Samarbeidsrådet på fleire plan for å få til meir berekraftig transport på sjø.

Geopark Sunnhordland har fått nasjonal status som geopark. Det vert no gjort eit arbeid med utvikling og drift som igjen skal resultera i ein søknad om UNESCO status . Denne skal leverast innan utgangen av 2020. Eit krav for å få denne statusen at ein må kommittera seg til eit bærekraft charter. Merket for berekraftig reisemål vil difor vera eit veldig viktig stempel for å stadfesta at reiselivet i regionen arbeider berekraftig.

Eit av krava til å få midlar frå Innovasjon Norge er at me engasjerer ein ekstern prosjektleiar. Administrasjonen i Samarbeidsrådet / Visit Sunnhordland vil likevel vera aktivt med i arbeidet. Dette er viktig for at administrasjonen skal kunna ha kompetansen i organisasjonen.

Fase 1 har synt at svært få av reiselivsbedriftene i regionen er miljøsertifiserte eller har kvalitetsmerke for mat. Prosjektet vil difor ha stor fokus på å auka antallet på bedrifter til å verta miljø- og/eller kvalitetsmerka. I tillegg er kun 1 av 8 kommunar miljøsertifiserte. Det sistnemnte er det allereie teke tak i og det er sett i gong eit arbeid for å gruppesertifisere kommunane.

Oppgåver som skal gjennomførast i fase 2:

Oppgåvene som inngår i fase 2 er omfattande og krevjande, men kan kort oppsummerast slik:

1. Iverksetje tiltak i tråd med handlingsplan for berekraftig reiselivsutvikling
2. Dokumentera og besvara indikatorane på Standardens område
 - C – Bevaring av natur, kultur og miljø**
 - Kulturell rikdom
 - Landskapets fysiske og visuelle integritet
 - Biologisk mangfold
 - Rent miljø og ressurseffektivitet
 - D – Styrking av sosiale verdier**
 - Lokal livskvalitet og sosiale verdier
 - Lokal kontroll og engasjement
 - Jobbkvalitet for reiselivsansatte
 - Gjestetilfredshet, trygghet og opplevelseskvalitet
 - E – Økonomisk levedyktigheit**
 - Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsdestinasjoner gjennom lokal verdiskaping
 - Økonomisk levedyktige og konkurransedyktige reiselivsbedrifter
3. Gjennomføra undersøkingar og analyser
4. Planleggje vidareføring av arbeidet med berekraftig reisemål
5. Laste opp dokumentasjon i databasen og søkje godkjenning
6. Kontrollbesøk på reisemålet
7. Sluttrapporte

Budsjett

Aktivitet	Beløp	Kommentar
Prosjektleiing	829 000	60% stilling i 18 mnd.
Prosessvegleiar	143 000	Basert på 130 timer à 1100
Reise og møtekostnader/ kurs/samlingar	80 000	2 besøk frå prosessvegleiar, reise og opphald kontrollør og eigne reisekostnader. Servering, møterom og eksterne føredragshaldarar til kurs/samlingar
Ringverknadsanalyse	150 000	
Kontrollør - timer	50 000	Obligatorisk
Administrasjon	40 000	Rekneskap, revisor ol.
Diverse	10 000	
Sum kostnader	1 302 000	

Finansiering

	Beløp	Kommentar
Innovasjon Norge	750 000	Direkte midlar
Samarbeidsrådet for Sunnhordland/Visit Sunnhordland	352 000	Direkte midlar
Reiselivsbedriftene	200 000	Direkte midlar
Sum finansiering	1 302 000	

Det vil ikkje verta søkt kommunane om midlar. Samarbeidsrådet /Visit Sunnhordland sin del vil verta teke frå tiltakspotten fordelt på åra 2019-2021.

Framlegg til vedtak:

- Under føresetnad av løyving frå Innovasjon Norge til fase 2 godkjenner Samarbeidsrådet for Sunnhordland at det vert nytta inntil kr. 552 000 frå tiltakspotten til arbeidet med berekraftig reisemål. Midlane vert fordelt slik:
2019 – kr. 150 000,-
2020 – kr. 252 000,-
2021 - kr. 150 000,-

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. september 2019 kl. 09.30

Eidesvik Havbruk, Langevåg

Sak 36/19

GJG/rr

REKNESKAP FØRSTE HALVÅR

Rekneskapen for 2018 er no klart. Ut i frå budsjettet er det ikkje noko urovekkande med halvårs års resultatet.

Ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet tek halvårs rekneskapen til orientering.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. september 2019 kl. 09.30

Eidesvik Havbruk, Langevåg

Sak 37/19

GJG/rr

PROSJEKT MOT FORSØPLING

I møte 21.juni, sak 28/19 drøfta Samarbeidsrådet eit innspel frå ordførar Gaute Epland vedrørende strandrydding. Gjennom drøftingane kom det fram at det fokuset og må vera på forsøpling. Ut i frå drøftingar i Samarbeidsrådet og oppfølging i arbeidsutvalet vart administrasjonen beden om å laga prosjektplan som skal godkjennast i Samarbeidsrådet i løpet av hausten.

På nettsida Hald Norge reint finn ein mykje informasjon om dette tema. Her ligg og ein mal til handlingsplan. Planen skal gje ein oversikt over eksisterande og planlagde tiltak, i tillegg til å definera kven som har ansvar for å gjennomføra dei og korleis tiltaka skal finansierast.

Handlingsplan mot forsøpling – steg for steg

I arbeidet med handlingsplanen kan dette forslaget til framgangsmåte være nyttig å ta utgangspunkt i. Dere finner utfyllende informasjon om kartlegging og tiltak i Hold Norge Rents ressursbank for kommuner: holdnorerent.no/kommuner

1. *Gjør en overordnet kartlegging internt i kommunen*
 - *Hva kjennetegner kommunen (nærings sammensetning, geografi, størrelse)?*
 - *Hvilke systemer for renovasjon er på plass i offentlige rom (inkludert i havner og rundt miljøstasjoner), og hvordan er ansvarsfordelingen?*
 - *Hvilke interkommunale samarbeider finnes, eller kan være aktuelle å etablere, for avfallshåndtering og forsøpling? (Stikkord: renovasjon, miljøavdeling, frivillighet, m.m.)*
2. *Gjør en overordnet kartlegging eksternt*
 - *Hvilke aktører finnes (miljøorganisasjoner, friluftsråd, andre organisasjoner og bedrifter som har oppgaver eller interesseområde mot forsøpling m.m.)?*
 - *Kall inn til åpent møte eller innhent informasjon på annen måte.*
3. *Iverksett strakstiltak basert på den overordnede kartleggingen*
 - *Noen tiltak er universelle og enkle å sette i verk – som lukkede søppelbøtter, ryddeaksjoner og medlemskap i Hold Norge Rent. For flere forslag til tiltak, se holdnorerent.no/kommuner.*

4. *Innhent detaljert kunnskap om avfall på avveie*
 - *Bestill detaljert rapport fra Ryddeportalen til Hold Norge Rent (Ryddeportalen.no).*
 - *Sett i gang egen kartlegging av forsøplingen i kommunen – kontakt Hold Norge Rent for mer informasjon.*
 - *Når kildene er identifisert: Inviter til dialog og samarbeid. Hold Norge Rent kan bistå i dette arbeidet.*
5. *Utarbeid en skreddersydd handlingsplan for kommunen basert på faktiske kilder og årsaker til forsøpling*
 - *Send planen ut på høring for å sikre bred forankring.*
 - *Vedta planen og integrer den i kommunens avfallsplan.*

Det vert og anbefalt at strategiar og handlingsplanar mot forsøpling vert utarbeidd i samarbeid med relevante aktørar frå lokalt næringsliv og industri, avfallsselskap, miljøorganisasjonar, friluftsråd mf.

Administrasjonen meiner at erfaringane frå andre kommunar og regionar er viktige å ta med seg i vidare arbeid, og rår til at det i første omgang vert sett ned ei ressursgruppe som får i oppgåve å planlegga / arrangera eit oppstartsmøte der ein invitere inn sentrale aktørar slik at ein saman kan utarbeida ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland.

Gjennom dette får ein involvert fleire og får lettare ein oversikt over kven og kva som alt vert gjort. I dette arbeidet må ein og leggja vekt på tiltak for å førebyggja og hindra forsøpling. I tillegg må ein gjennom arbeidet definera kven som har ansvar for å gjennomføra dei ulike tiltaka og korleis dette skal finansierast.

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet går inn for at det vert etablert ei brei samansett ressursgruppe med sentrale aktørar som får ansvar for utarbeiding av ein strategi og handlingsplan mot forsøpling i Sunnhordland.
2. Arbeidet skal ha fokus på tiltak for å førebyggja og hindra forsøpling.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. september 2019 kl. 09.30
Eidesvik Havbruk, Langevåg

Sak 38/19
GJG/rr

Vestland – funksjonar lagt til distrikt Hordaland

I intensjonsplanen for nye Vestland er det lagt opp til å plassera funksjonar ut i «Distrikt Hordaland». Dette er vegtenester, opplæring/ idrett , næring og kultur.

Fellesnemnda har gjennomført møter i alle regionane i nye Vestland. I Sunnhordland var dette møte på Stord 29. april. Samarbeidsrådet fekk her presentert dei moglegheitene og utfordringane vår region står ovanfor, og ikkje minst dei forventningane me har som region til det nye fylket. I møte kom det tydeleg fram at det i Sunnhordland har vore ein stor skepsis til samanslåinga, særleg sidan Rogaland ikkje vart ein del av Vestland. Det vart og tydeleg kommunisert at Sunnhordland lett kan bli ein utkant, med dei følgjane det kan få for tenestetilbodet og tildeling av ressursar. Difor var regionen tydelege på at det er ei klar forventning til at funksjonar med tilhøyrande arbeidsplassar vert lokalisert i Sunnhordland.

Fram til no er det i det pågåande organisasjons og lokaliseringsarbeidet notat frå prosjektleiar Haugsdal, RS 15/2019) kun fordelt funksjonar/ seksjonar mellom Bergen, Voss og Sogn og Fjordane. Sunnhordland, med 65 000 innbyggjarar har kome svært dårleg ut.

Arbeidsutvalet drøfta dette i sitt møte 30. august, og meiner at Samarbeidsrådet bør senda eit brev til prosjektleiar og Fellesnemnda, der rådet blant anna minner om sentrale mål i intensjonsavtalen for samanslåinga.

Administrasjonen har på bakgrunn av dette laga eit framlegg til brev/uttale:

Framlegg til uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har i møte 13. september drøfta det pågåande arbeidet med etablering av det nye Vestland.

I intensjonsavtalen for etablering av Vestlandet var sentrale mål:

- 1) å oppretta ein desentralisert tenestestruktur;

- 2) å sørgja for samfunnsutvikling i heile regionen med god balanse mellom storbyen Bergen og distrikta; og
- 3) å utnytta kompetanse og ressursar gjennom desentralisert organisering

I intensjonsavtalen vart det lagt til grunn at funksjonar/seksjonar innan områda veg, opplæring/idrett og næring skulle lokaliserast i noverande Hordaland fylke utanfor Bergen. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har med dette som utgangspunkt ved fleire høve uttalt at minst eitt av desse områda bør lokaliserast til vår region

På dialogmøte på Stord 29.april fekk regionen presentert dei moglegheitene og utfordringane Sunnhordland står overfor, og ikkje minst dei forventningane regionen har til det nye fylke

Sunnhordland hadde, og har, eit sterkt ynskje om at Rogaland og vert ein del av Vestland. Mange argumentere no for at me vert ein utkant i det nye fylket. Det ynskjer me ikkje skal verta ein realitet. Sunnhordland er og vil vera ein viktig region i Vestland. Samarbeidsrådet meiner at ved å leggja sentrale funksjonar ut i regionen vil ein vera med på å nå måla ein har sett seg for utvikling av Vestland – desentralisert tenestestruktur, samfunnsutvikling i heile regionen, god balanse mellom distrikt og storby og utnytta kompetanse og ressursar gjennom desentralisert organisering.

Når den nye organisasjonsstrukturen innan områda veg og opplæring/idrett no ser ut til å medføra svært få eller ingen nye funksjonar/arbeidsplassar til Sunnhordland, vil me uttrykkja ei klar forventning om at Sunnhordland vert tildelt ei betydeleg rolle innan området næring.

Med lokalisering av ei næringsavdeling i Sunnhordland vil fylket ikkje berre bidra til å styrka samfunnsutviklinga i regionen gjennom å tilføra nye kompetansearbeidsplassar, fylket vil også dra vekslar på industritradisjonane, kompetansen og omstillingsevna som finst i regionen vår.

Me vonar prosjektleiar og fellesnemnda vil vektleggja dette når ein no skal arbeida vidare med etableringa av det nye fylket.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet godkjenner uttalen slik den ligg føre.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 13. september 2019 kl. 09.30

Eidesvik Havbruk, Langevåg

Sak 39/19

GJG/rr

SKRIV OG MELDINGAR

a) Plan for kompetanse og arbeid i Hordaland

Planen sitt hovudmål er:

Betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.

Samarbeidsrådet fekk i møte 10. mai ei orientering om planen frå Hordaland fylkeskommune.

«Kompetanseteam Sunnhordland» har våren 2019 arbeidd med framtidig kompetansebehov i regionen, og har gjeve Regionalt kompetanseteam sitt innspel. Dokumentet ligg som vedlegg.

Tysdag 24. september vert det invitert til stormøte i Bergen, under tittelen:

Kva er kompetansebehova i Hordaland og korleis løyser vi desse saman?

Målgruppa for samlinga er medlemmer i dei lokale samarbeidsarenaene, kontaktpunkt i bransjane/sectorane, politikarar og andre som har ei rolle eller verkemidlar på dette feltet.

b) Fitjar vg skule – berekraft prosjekt

Fitjar vidaregåande skule har fått midlar til eit prosjekt gjennom «Den naturlege skulesekken», som vert drive av Naturfagsenteret (v/UiO) for skuleåret 2019-2020. Skulen vil ha tema berekraft. Dagleg leiar har takka ja til å vera med i arbeidet. Oppstart vil vera no i haust.

c) Endring møteplan

Under ligg endring i møteplan for hausten 2019. Endringane er merka med raudt. I møteplanen var det sett opp møter med Atheno, Byrådet i Bergen og Hardangerrådet. Møte med Atheno er blitt utsett. Her arbeider ein med å finne ny dato.

Administrasjonen har vore i kontakt med Hardangerrådet og føreslår fellesmøte i forkant av Fylkesmannen si samling på Solstrand, måndag 18. november. Administrasjonen har tatt vekk

møte med Byrådet i Bergen, ettersom det er så kort tid etter valet. Dette var planlagt til 22 november.

På grunn av kommune- og fylkestingsval må det gjennomførast nytt representantskapsmøte, for å få valt representantskapsleiar, styre og styreleiar. Administrasjonen føreslår at dette møtet vert 6. desember, på dag to til møte i Samarbeidsrådet. Ein føresetnad er at kommunane har valt sine representantskapsmedlemmer til dess.

I dette møtet må det og vera ein grundig presentasjon av Samarbeidsrådet sitt arbeid, men og ein verkstad for regional politikk.

MØTEPLAN HAUSTEN 2019

Møter	Aug	Sept	Okt	Nov	Des
Arbeidsutvalsmøte	30				
Samarbeidsrådet for Sunnhordland		13			
Møte med Atheno?					
Arbeidsutvalsmøte			11		
Stortings- og fylkestingsrepr.			11		
Samarbeidsrådet for Sunnhordland			25		
Møte med Hardangerrådet				18	
Arbeidsutvalsmøte/styremøte				18/19	
Samarbeidsrådet for Sunnhordland					5-6
Representantskapsmøte					6

Stad for møta:

13. september Bømlø, Espevær Havbruk
25. oktober Kvinnherad
5-6 desember Stord, Stord Hotel.

d) Møter i kommunane

Administrasjonen / Visit Sunnhordland legg opp til møter med næringsaktørar og formannskap/kommunestyra i løpet av hausten.

Tema på møta vert arbeidet i VisitSunnhordland og med fokus på arbeidet med fase 2 mot Merket for berekraftig reisemål.

e) Nedlegging av koparnettet

Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik, Kvinnherad kommune har fått i oppdrag å sjå nærare på konsekvensar og tiltak i høve til avvikling av koparnettet til Telenor. Dette skal drøftast i neste rådmannsutval. I møte vil det bli gjeven ein status i saka.

f) Auka samarbeid gjennom Samarbeidsrådet

Samarbeidsrådet har vedtek å utvida samarbeidet mellom kommunane, og å gjennomføra ei årleg samling for kommunalsjefar og eventuelt andre leiarar som rådet meiner er relevante å involvera. Arbeidsutvalet rår til at det først møtet vert lagt til over nyttår.

g) Temamøte havbruk

I samarbeid med Sjømat Norge vert det lagt opp til eit temamøte om havbruk i månadsskifte oktober/ november. Dato og program er ikkje setla enno.

Eit tema som vert sentralt å ta opp her er eit samarbeid med næringa i høve til prosjektet om forsøpling.

h) Regionråda i Vestland

I februar 2019 vart det gjennomført eit erfaringsseminar om grunnlag for utvikling av regionråda i nye Vestland. Som oppfølging av seminaret har regionrådsleiarane i Hardanger, Nordhordland og Sunnhordland starta å utarbeida eit notat der ein ser på ei tettare samhandling mellom Vestland fylkeskommune, regionråda og kommunane. Tilsvarande arbeid vert og gjort i Sogn og Fjordane.

5. september skal det vera eit fellesmøte, der ein drøftar dette vidare.

Notatet vil gå til regionråda for godkjenning før det vert levert fylkeskommunen.

i) Sørleg kryssing av Langenuen

Samarbeidsrådet vil i møte feira at Regjeringa har valt sørleg kryssing av Langenuen. Dette har Samarbeidsrådet arbeidd for i lang tid og hatt mange møter i ulike departement, der ein har fremja kor viktig Hordfast er for utvikling av regionen og for å knyta Stavanger og Bergen tettare saman.